

Einar Vikebø  
Grønland 18  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/2103 - 23/55680

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
03.07.2023

## Avvist klage på gebyr - gbnr 323/124 Frekhaug

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 709/23**  
**Tiltak:** Riving av garasje/oppbygging av ny  
**Byggjestad:** Gbnr: 323/124  
**Tiltakshavar:** Einar Vikebø  
**Ansvarleg søker:** Martin Vikebø

### VEDTAK:

**Klage på gebyr mottatt 11.06.23 vert avvist med heimel i fvi 33, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40.**

**Gebyra er fastsett som lokal forskrift. Det er ikkje klagerett på forskrifter, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det er ikkje klagerett på at det vert krevd gebyr eller storleiken på gebyret.**

### Saka gjeld

Det er motteke klage på gebyr i saka den 11.06.23. Det er klaga på at det vart tatt gebyr for både byggesak og dispensasjonshandsaming. Tiltakshavar viser til at det hadde vore tilstrekkeleg å fakturere for byggesak og meiner at han vore i kontakt med byggesaksavdelinga og fekk rettleiing at det skal ikkje takast gebyr for dispensasjon. I tillegg viser klagar til at dispensasjon fekk forenkla handsaming og har ikkje vore sendt til Statsforvaltaren og andre mynde på høyringsrunde i 4 veker.

### Vurdering:

Det var ved innsendt søknad søkt om både tiltak, samt dispensasjon. Det følgjer direkte av gebyrregulativ at det vert fakturert per tiltak, samt eitt dispensasjonsgebyr per søknad. Det er dette som er gjort ved fakturering i sak.

Det er i faktura vist til at det er fakturert for både dispensasjon etter pkt. 15-03 og ny garasje pkt. 13-01. Det er vurdert at det er grunnlag for å fakturere for dette i medhald av gebyrregulativet 2023.

I fvl § 33 2.ledd står det at «Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.»

I brev frå lovavdelinga i Justisdepartementet den 29.8.1989 kjem det fram at det er avgjерande for korleis gebyrordninga er utforma, om det pålagte gebyr er å sjå som eit enkeltvedtak eller ikkje. Der ei gebyrforskrift er utforma slik at eit eintydig bestemt gebyr skal betalast, kan ileyding av gebyr ikkje sjåast på som eit enkeltvedtak. Vidare er det uttalt at det blir heller ikkje gjort ei individuell avgjerd sjølv om det finst differensierte gebrysatsar så framt det ikkje er forbunde med rettsleg eller faktisk tvil å avgjera kva gebyr som skal leggjast til grunn i den einskilde sak, men kun snakk om kalkulasjon av faktiske kjennsgjerningar.

Både dispensasjon og byggesakshandsaming skal dekkast med kvar sitt gebyr, slik var det både i 2022 og 2023. Vi ber om orsaking om kunde har fått feil rettleiing vedk. gebyr tidlegare. Klagar kan ikkje klage på storleik, men kan klage på feil pkt. i gebyrregulativet. I denne saka ble det teknike gebyr etter rette punkta.

Det ble tatt minste gebyr for dispensasjon på kr. 7.773 etter pkt.15-03 då saka har ikkje våre på høyring. Det er ingen feil i denne saka. Dispensasjon ble vurdert slik at den ikkje skulle på høyring då saka ikkje råka nasjonale interesser. Det er vanleg praksis. Vurdering av dispensasjon er gjort i vedtaket og saka ble sendt til klagevurdering etterpå. Ingen sakshandsaming feil har skjedd, alt handsaming er i tråd med rutinar.

Om det ble dispensasjonssak med høyring, skulle det vore tatt større gebyr etter pkt. 15-02 kr.17.617.

I tillegg har ikkje sakshandsamar tatt gebyr for riving av garasje på kr. 7.876 etter pkt. 13-01, sjølv om det skal fakturerast per tiltak (riving og oppføring av ny garasje er to tiltak). Såleis ble det teke mindre gebyr i denne saka enn pålagt i gebyrregulativet 2023.

På bakgrunn av dette er det gjeve gebyr med heimel i vedtatt gebyrforskrift. Ei forskrift er ikkje eit enkeltvedtak og det er såleis ikkje klagerett på gebyret, jf. fvl. §§ 28 og 2 1.ledd bokstav c).

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går

ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Larissa Dahl  
Rådgjevar

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Einar Viikebø

Grønland 18      5918

FREKHAUG